

St.prp. nr. 29

(2006–2007)

Om endringer av løyvingar i 2006 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv.

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 24. november 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Om endringer av løyvingar i 2006 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv.

Kap. 1020 Havforskningsinstituttet

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Havforskningsinstituttet har dei seinare åra hatt ein monaleg vekst i den eksterne oppdragsverksemd. I tillegg har forskningskvotane hatt ein viss auke i kvantum, medan dei oppnådde prisane for forskingsfangsten har auka til dels mykje. Inntektene frå forskningskvotane brukast til innleige av fartøy til forskingstokt som supplement til instituttet sine eigne fartøy. Denne aktiviteten vart til og med 2005 rekneskapsført på kap. 1021 post 01 mot

tilsvarande inntekter på kap. 4021 post 03. Frå 2006 har Fiskeri- og kystdepartementet i samråd med Havforskningsinstituttet funne det mest formålstenleg at denne aktiviteten rekneskapsførast på kap. 1020 post 01 mot tilsvarende inntekter på kap. 4020 post 01.

For å ivareta omsynet til realistisk budsjettering må det gjerast ei justering av inntekts- og utgiftssida på dei kapitlar og postar i 2006 som er knytt til dette. Samla er det pga. auka oppdragsverksemd, auka nivå på inntekter og utgifter frå forskningskvotar og innleige av leigefartøy samt overflytting av løyvingar knytt til forskningskvote/leigefartøy frå kap. 1021/4021 til kap. 1020/4020, nødvendig å gjere desse endringane:

Kap./post	Gjeldande løyving 2006	Forslag til auke/reduksjon (-)	Ny løyving for 2006
1020/21	139 245 000	135 755 000	275 000 000
4020/03	139 245 000	135 755 000	275 000 000
1021/21	85 135 000	- 35 135 000	50 000 000
4021/01	85 140 000 ¹	- 35 140 000	50 000 000

¹ Ved ein inkurie vart det i statsbudsjettet for 2006 eit avvik på 5 000 kroner mellom kap. 1021 post 21 og kap. 4021 post 03 (løyvinga på desse postane skal vere identiske). Det fremjast forslag om at dette for ordens skuld rettast opp samtidig.

Det vil måtte gjerast tilsvarende endringar i 2007, noko som vil bli vurdert i samband med revidert budsjett 2007.

På bakgrunn av dette fremjast det forslag om at kap. 1020 post 21 Spesielle driftsutgifter aukast med 135,755 mill. kroner i 2006, mot ein tilsvarende auke av kap. 4020 post 03 Oppdragsinntekter.

Kap. 1021 Drift av forskningsfartøyene

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det visast til omtale under kap. 1020 post 21 over. Det fremjast forslag om at kap. 1021 post 21 Spesielle driftsutgifter reduserast med 35,135 mill. kroner i 2006, og at kap. 4021 post 01 Oppdragsinntekter reduserast med 35,140 mill. kroner.

Kap. 1070 Samfunnet Jan Mayen

Post 01 Driftsutgifter

Samfunnet Jan Mayen drivast av Forsvarets logistikkorganisasjon/IKT (FLO/IKT) på oppdrag frå Fiskeri- og kystdepartementet.

Innkjøp og sal av varer til stasjonspersonellet på Jan Mayen drivast i regi av FLO/IKT, og har til no blitt rekneskapsført ved bruk av ein eigen balansekonto i rekneskapen til FLO/IKT. Det er no gjort ei ny vurdering av korleis denne aktiviteten bør handterast budsjetteknisk. Vurderinga tilseier at det bør leggjast opp til ei ordinær bruttoføring av denne aktiviteten. Det vil måtte gjerast tilsvarende endringar i 2007, noko som vil bli vurdert i samband med revidert budsjett 2007.

På bakgrunn av dette fremjast det forslag om å auke løyvinga på kap. 1070 post 01 Driftsutgifter med 600 000 kroner i 2006, mot tilsvarende løyving på kap. 4070 post 01 (Ny) Inntekter fra kioskdirft.

Kap. 4020 Havforskningsinstituttet

Post 03 Oppdragsinntekter

Det visast til omtale under kap. 1020 post 01. På grunn av auka oppdragsverksemd, auka nivå på inntekter og utgifter frå forskingskvotar og innleige av leigefartøy samt overflytting av løyvingar knytt til forskingskvote/leigefartøy frå kap. 1021/4021 til kap. 1020/4020 er det nødvendig å auke løyvinga på kap. 1020 post 01 med 135,755 mill. kroner i 2006 mot tilsvarende auke på kap. 4020 post 03 Oppdragsinntekter.

På bakgrunn av dette fremjast det forslag om å auke løyvinga på kap. 4020 post 03 Oppdragsinntekter med 135,755 mill. kroner i 2006.

Kap. 4021 Drift av forskningsfartøyene

Post 01 Oppdragsinntekter

Det visast til omtale under kap. 1020 post 01. På grunn av auka oppdragsverksemd, auka nivå på inntekter og utgifter frå forskingskvoter og innleige av leigefartøy samt overflytting av løyvingar knytt til forskingskvote/leigefartøy frå kap. 1021/4021 til kap. 1020/4020 er det nødvendig å redusere løyvinga på kap. 1021 post 01 med 35,135 mill. kroner i 2006 og redusere løyvinga på kap. 4021 post 01 Oppdragsinntekter med 35,140 mill. kroner.

På bakgrunn av dette fremjast det forslag om å redusere løyvinga på kap. 4021 post 01 Oppdragsinntekter med 35,14 mill. kroner i 2006.

Kap. 4062 Kystverket

Post 01 Gebyrinntekter

Som følge av lønskompensasjonen for 2006 er det behov for å auke løyvinga på kap. 4062 post 01 med 11,52 mill. kroner. Det fremjast derfor forslag om at løyvinga på kap. 4062 post 01 aukast med 11,52 mill. kroner i 2006.

Post 03 Inntekter fra salg av fyreiendommer

Status for avhending av fyreigedomar

Bondevik II-regjeringa fremja i St.prp. nr. 1 (2004-2005) og i St.prp. nr. 1 (2005-2006) for Fiskeri- og kystdepartementet forslag om sal av fyreigedomar for 10 mill. kroner i 2005 og 2 mill. kroner i 2006. Som følge av forseinkingar knytte til sal av fyr vart Stortinget i St.prp. nr. 66 (2005-2006) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet for 2006 orientert om at det berre vart oppnådd ei inntekt på 2,851 mill. kroner i 2005, og at det var venta ei inntekt på 9,15 mill. kroner i 2006. Inntektskravet på kap. 4062 post 03 Inntekter fra salg av fyreiendommer vart derfor foreslått auka til 9,15 mill. kroner i 2006.

Det er hittil i 2006 inngått avtale om sal av fyreigedomar for 5,733 mill. kroner, slik at det står att eit inntektskrav knytt til sal av fyreigedomar på 3,417 mill. kroner i 2006.

Retningslinjer for forvaltning av fyreigedomar

Fiskeri- og kystdepartementet og Kystverket har på bakgrunn av prosjektet «Statens kulturhistoriske eiendommer» starta arbeidet med ein gjennomgang av Kystverket sin eiedomsmasse, medrekna eigedomar som er eller har vore brukt av fyrtenesta. Siktemålet med dette arbeidet er å utarbeide ein landsverneplan for etaten sine eigedomar. Det er ingen klar definisjon av kva som skal

reknast for ein fyreigedom. Dette vil bli gjort som ein del av dette prosjektet. Prosjektet ventast avslutta i løpet av 2007.

Regjeringa foreslår å stoppe vidare avhending av fyr. Kystverket bør fortsett stå som eigar av fyreigedomar. Det blir likevel foreslått å opne for overføring av fyreigedomar til Direktoratet for naturforvalting der det er viktige naturvernomsyn, og der Kystverket ikkje har tenestleg behov for eigedomen. Fyreigedomar som Kystverket ikkje har tenestleg behov for, blir leigde ut med sikte på å gjere desse tilgjengelege for allmenta.

Fyreigedomane blir ofte sett på som viktige og spesielle for regionen og lokalsamfunnet og utløyser også som regel frivillig innsats gjennom lag og foreningar. Utleige av fyreigedomar vil bli vidareført. Føresetnaden for alle nye leigeforhold er at eigedomane skal opnast for allmenta.

Det er i dag inngått om lag 64 leigekontraktar. I tillegg vil det vere ytterlegare fyreigedomar som vil kunne leigast ut. For å sikre god kontakt med lokalt og regionalt nivå foreslår Regjeringa at Kystverket kontaktar kommuner/fylkeskommuner først i den vidare prosessen der nye eigedomar skal leigast ut. Dermed får lokalt/regionalt nivå høve til sjølv å vurdere om ein ønskjer å gå inn i et leigeforhold.

Dersom det ikkje er interesse frå lokalt/regionalt forvaltingsnivå bør foreningar med allmennytige førmål kontaktast. Dersom det ikkje er interesse frå nokon av dei ovannemnte, kan utleige til private vurderast.

Leigar forpliktar seg til å vedlikehalde bygningsmassen. Kystverket vil sjølv vere ansvarleg for dei navigasjonstekniske installasjonane.

Budsjettmessige konsekvensar i 2006

Forslaget om å stoppe vidare sal av fyreigedomar inneber at resterande inntektskrav på kap. 4062 post 03 Inntekter fra salg av fyreiendommer på 3,417 mill. kroner ikkje vil bli innfridd.

Det fremjast derfor forslag om å redusere løyvinga på kap. 4062 post 03 Inntekter fra salg av fyreiendommer 3,417 mill. kroner i 2006.

Kap. 4070 Samfunnet Jan Mayen

Post 01 (Ny) Inntekter fra kioskdirft

Det visast til omtale under kap. 1070 post 01. Det fremjast forslag om ei løyving på 600 000 kroner på post 01 (Ny) Inntekter frå kioskdirft i 2006.

2 Budsjettmessig handtering av oppdragsinntekter under Havforskningsinstituttet

Havforskningsinstituttet har til no basert den budsjettekniske handteringa av oppdragsinntekter på same retningslinjer som mellom anna universiteta følgde før universiteta blei nettobudsjetterte. I praksis inneber dette at inntekter frå oppdragsverksemda blir ført på ein interimskonto, og inntektsført på inntektsposten(e) i takt med postering av utgiftene på utgiftsposten(e).

For å sikre fleksibilitet og ein mest mogleg riktig bruk av personellressursane har Havforskningsinstituttet nytta medarbeidarar i oppdragsverksemda som har vore lønna over den ordinære driftsposten (post 01) og ikkje berre post 21 Spesielle driftskostnader, og vise versa. For både kap. 1020 og 1021 er det derfor knytt meirinntektsfullmakt mellom posten for oppdragsinntekter mot begge dei korresponderande utgiftspostane (post 01 og 21).

Ved slutten av året har instituttet inntektsført frå interimskonto tilstrekkeleg midlar til å balansere mellom utgifts- og inntektspostane. Resterande midlar har blitt liggjande på interimskonto, og berre blitt synleggjorde i statsrekneskapen på konto for mellomvere med Finansdepartementet. Desse midlane har normalt vore på mellom 20 og 30 mill. kroner.

Fiskeri- og kystdepartementet har no kome til at dagens handtering av oppdragsinntekter bør endrast. Havforskningsinstituttet vil derfor frå og med 2006 inntektsføre alle innbetalte oppdragsinntekter, med unnatak av reine forskotsbetalingar som framleis vil bli ført på interimskonto.

Inntektsføring av alle innbetalte oppdragsinntekter vil medføre auka meirinntekter. For å sikre at alle unytta utgiftsløyvingar og meirinntekter knytte til oppdragsverksemda kan søkjast overført frå eit år til eit anna, blir det foreslått at ubrukte meirinntekter kan reknast med ved berekning av beløp som kan overførast og at stikkordet «kan overførast» føyast til kap. 1020 post 21 og kap. 1021 post 21. Det visast til forslag til romartalsvedtak II og III.

3 Orienteringssak til Stortinget

Vidare utgreiing av Stad skipstunnel

I St.prp. nr. 1 (2006-2007) for Fiskeri- og kystdepartementet blir det varsla at regjeringa vil leggje fram

spørsmålet om Stad skipstunnel for Stortinget på eigna måte.

Føreliggjande prosjekt omfattar anlegg av ein skipstunnel mellom inste del av Moldefjorden og Kjødepollen. Prosjekterte dimensjonar er desse: Lengde 1 800 m, høgde 22 m, breidd 23 m og djupn 12 m. Tunneldimensjonane inneber at fartøy opp til 5 000 brutto tonn (BT) kan nytte tunnelen.

Føreliggjande prosjekt er basert på ei vurdering om at fartøy som er for store til å nytte tunnelen kan gå utanfor Stad, også i dårleg ver. Etter regjeringa si vurdering er det likevel gode grunnar til å vurdere føresetnadene for prosjektet på nytt, da samfunnet sine krav til miljø, tryggleik og infrastruktur er i endring. Konkret ønskjer regjeringa å utgreie verknaden av å utvide tunneldimensjonane slik at hurtigrutefartøya, og andre fartøy av tilsvarende storleik, kan passere gjennom. Til samanlikning er hurtigrutefartøyet «Midnattssol» i overkant av 16 000 BT. Det vil også bli gjennomført ei breiare vurdering av nytteverknader for prosjektet

mellom anna knytt til betra rammevilkår for turisme.

Ei breiare vurdering av prosjektet Stad skips-tunnel, som omtalt ovanfor, tilseier nye utgreiingar for å klarleggje konsekvensane av å auke tunneldimensjonen, medrekna nye kostnadsoverslag, nautiske spørsmål og samfunnsøkonomiske konsekvensar.

Det inneber at Stortinget tidlegast kan orienterast om prosjektet Stad skipstunnel i 2009.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar i 2006 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar i 2006 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar av løyvingar i 2006 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv.

I

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1020		Havforskningsinstituttet	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 139 245 000 til kr 275 000 000	135 755 000
1021		Drift av forskningsfartøyene	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 85 135 000 til kr 50 000 000	35 135 000
1070		Samfunnet Jan Mayen	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 27 660 000 til kr 28 260 000	600 000
4020		Havforskningsinstituttet	
	03	Oppdragsinntekter, blir auka med..... frå kr 139 245 000 til kr 275 000 000	135 755 000
4021		Drift av forskningsfartøyene	
	01	Oppdragsinntekter, blir redusert med..... frå kr 85 140 000 til kr 50 000 000	35 140 000
4062		Kystverket	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med..... frå kr 540 670 000 til kr 552 190 000	11 520 000
	03	Inntekter fra salg av fireiendommer, blir redusert med frå kr 9 150 000 til kr 5 733 000	3 417 000
4070		Samfunnet Jan Mayen	
	01	(Ny) Inntekter fra kioskdrift, løyvast med.....	600 000

II

Stortinget samtykkjer i at Fiskeri- og kystdepartementet i 2006 kan:

1. overskride utgiftsløyvingane under:
 - a) kap. 1020 Havforskningsinstituttet postane 01 Driftutgifter og 21 Spesielle driftsutgifter mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4020 Havforskningsinstituttet post 03 Oppdragsinntekter.
 - b) kap. 1021 Drift av forskningsfartøyene postene 01 Driftsutgifter og 21 Spesielle driftsutgifter mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4021 Drift av forskningsfartøyene post 01 Oppdragsinntekter.
2. rekne med ubrukte meirinntekter ved berekning av sum som kan overførast på dei utgiftspostane som er nemnt i punkt 1 ovanfor.

III

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «*kan overførast*» blir føydd til løyvingane i statsbudsjettet for 2006 under kap. 1020 Havforskningsinstituttet post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 1021 Drift av forskningsfartøyene post 21 Spesielle driftsutgifter.
